

Til fylkesordførar Jon Askeland

Vestland fylkeskommune

**SPØRSMÅL TIL VESTLAND FYLKESTING 16.-17.JUNI OM LYSE-HYDROKONSESJONEN.**

Fredag 11.juni gav Olje- og Energidepartementet (OED) og regjeringa gjennom kongeleg resolusjon løye til etablering av Lyse Kraft DA, herunder overføring av Hydro sitt eigarskap i vasskraftanlegga i Røldal-Suldal. Dette vedtaket opphever tidlegare fastsatte vilkår, tidsavgrensinger og heimfall, slik at konvensjonen for Røldal-Suldalkraftanlegga blir gjort om til å gjelde utan tidsavgrensing.

Dette vedtaket er heilt i strid med vertskommunane Ullensvang og Suldal og grunneigarane i Røldal og Suldal sine interesser. Det bør og vere i strid med Vestland fylkeskommune sine interesser, sidan 60 % av nedslagsfeltet til dette store kraftanlegget ligg i vårt fylke.

Eg ber difor fylkesordføraren svare på om han på vegne av fylkeskommunen vil støtte ei anke frå vertskommunane og grunneigarane i denne saka? Og korleis meiner fylkesordføraren at Vestland fylkeskommune sine interesser kan best bli fulgt opp og bli ivaretatt i denne saka?

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant Raudt)